



Kristian Øvstebø frå Uskedalen er eit namn mange vil merka seg i åra framover. Han hadde beste tid i Åkraløpet uansett klasse.

**Kristian Øvstebø og Kari Bråtun vann Åkraløpet i går. Kristian ( 14 år ) hadde beste tid av alle som var med, på tida 11 min 25 sek. Kari vann klassen damer med tida 12 min. 41 sek. Det var elles god deltaking frå Uskedalen med mange gode plasseringar ( Sjå lista under )**

Åkraløpet er eit gateløp på asfalt, 3,2 km rundt bygda med start og mål på Åkra skule. Heile 205 deltakarar var påmelde og gjennomførte løpet. Det er trimklasse, barneløp og konkurranseløp. Arrangør er Matre Idrettslag. Det er imponerende at Kristian Øvstebø med sin unge alder hadde beste tid av alle som var med.

Deltakarar frå Uskedalen i konkurransklassen og plasseringar:

**Jenter 10 år:**

Nr. 1: Katrine Øvstebø

**Gutar 11 - 16 år:**

Nr. 1: Kristian Øvstebø

Nr. 2: Amund Hella Berge Soldal

Nr. 5: Petter Myklebust

Nr. 7: Andre Øvstebø

Nr. 8: Tobias Hella Berge Soldal

**Jenter 11 - 16 år:**

Nr. 2: Ruth Maria Myklebust

**Damer:**

Nr. 1: Kari Bråtun

( Med atterhald om feil )

Tekst/nett: Kristiaan Bringedal

Foto: Lars Emil Berge



Kristian Øvstebø og Kari Bråtun vinnaar av Åkraløpet 2018.